



STORTINGET

Innst. 101 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
frå næringskomiteen

Prop. 14 S (2019–2020)

Innstilling frå næringskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2019 under Landbruks- og matdepartementet

Til Stortinget

Innleiing

Næringskomiteen behandlar i denne innstillinga Prop. 14 S (2019–2020) frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i statsbudsjettet for 2019.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsunn Lyngedal, Cecilie Myrseth, Nils Kristen Sandtrøen og Terje Aasland, frå Høgre, Margunn Ebbesen, Linda C. Hofstad Helleland, Kårstein Eidem Løvaas og Tom-Charter Nilsen, frå Framstegspartiet, Morten Ørsal Johansen og Bengt Rune Strifeldt, frå Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen og leiaren Geir Pollestad, frå Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Kristeleg Folkeparti, Steinar Reiten, viser til framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2019 under Landbruks- og matdepartementet. Komiteen sluttar seg til desse.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein enstemmig komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
			Utgifter
1100		Landbruks- og matdepartementet:	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	50 000
		frå kr 163 480 000 til kr 163 530 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 15 836 000 til kr 16 336 000	500 000
1115		Mattilsynet:	
	1	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 1 366 904 000 til kr 1 371 904 000	5 000 000
1140		Hautbare viltressursar:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 22 000 000 til kr 24 000 000	2 000 000
	71	Tilskott til viltformål, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 46 289 000 til kr 44 289 000	2 000 000
1142		Landbruksdirektoratet:	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 1 724 000 til kr 2 224 000	500 000
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 452 000 til kr 472 000	20 000
	73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 55 610 000 til kr 115 000 000	59 390 000
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 500 000 til kr 0	500 000
1148		Naturskade – erstatningar:	
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 175 000 000 til kr 116 450 000	58 550 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	70	Marknadsregulering, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 286 285 000 til kr 299 585 000	13 300 000
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 568 000 000 til kr 397 000 000	171 000 000
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 3 685 865 000 til kr 3 582 270 000	103 595 000
	74	Direkte tilskott, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 8 937 812 000 til kr 8 933 355 000	4 457 000
	78	Velferdsordningar, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 1 485 738 000 til kr 1 479 985 000	5 753 000
		Inntekter	
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	85	Marknadsordninga for korn, blir auka med..... frå kr 50 000 til kr 2 000 000	1 950 000

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan gi tilsegner om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	60,6 mill. kroner

Oslo, i næringskomiteen, den 10. desember 2019

Geir Pollestad

leiar og ordførar

